



# VÅR POLITIKK

## Ta heile kommunen i bruk

Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå. Vi vil arbeida for eit samfunn der menneske kan utvikle seg fritt, ta ansvar for eige liv, for fellesskapet og for naturen. Senterpartiets verdigrunnlag er den kristne og humanistiske kulturarven.

### Ansvarlig leiing av kommunen

Kviteseid senterparti vil arbeide for rasjonell drift av kommunens mange oppgåver. Kommunen skal vera ein trygg arbeidsgjevar som inkluderer og tek tilsette med i viktige prosessar. Vårt mål er å styrke lokaldemokratiet med open sakshandsaming for å engasjere fleire i utviklinga av kommunen. Våre folkevalde skal vere lette å få kontakt med. Senterpartiet vil:

- Gje tilsette tillit og ansvar, utan detaljstyring.
- Halde fram med å gjere politikken meir tilgjengeleg for innbyggjarane.
- Samarbeide med andre kommunar der det er føremålstenleg.
- Sikre at Kviteseid kommune har god økonomistyring slik at ein kan ha eit ansvarleg tenestetilbod.
- Ein vil aktivt fokusere på tiltak som kan førebyggje sjukefråvær i kommunen

### Attraktiv bustadpolitikk – liv i kvart hus

Senterpartiet har som mål å leggje til rette for ein god bustadpolitikk, der folk kan bu og trivast i det miljøet dei ynsker. Skal ein få fleire unge til å etablere seg i kommunen, er det avgjerande å ha tomter og hus tilgjengeleg. Senterpartiet vil:

- Løyve tilskot på 250.000 til bygging av bustad for fyrstegongs etablerarar (1MNOK frittnæringsfond)
- Legge til rette for fleire leilegheiter i Kviteseidbyen og andre sentrumsområde
- Fjerne slektskapsunntaket for konsesjon på bustad i Kviteseid kommune.
- Positive til tidsavgrensa konsesjon på fritidsbustad til einebustad.
- Stø oppunder «småbruksprosjektet» ved å jobbe aktivt for å få tomme småbruk ut på marknaden.
- Ha attraktive tilgjengelige bustadtomter i heile kommunen.
- Gjere det enklare å byggje spreidd

## Helse og livsmestring – tryggleik for ein god alderdom

Alle innbyggjarane i Kviteseid kommune skal få eit godt helse- og omsorgstilbod. Kvaliteten på tenestene er viktig. Kommunen skal arbeide bevisst med rekruttering av fagleg kompetanse. Senterpartiet vil:

- Byggje fleire omsorgsboligar i nærleiken av KOS.
- Arbeide for fleire tilrettelagte bustadar i heile kommunen.
- Sikre at heimetenestene har ressursar til å fylgje opp ein aukande andel heimebuande eldre.
- Talet på institusjonsplassar på KOS skal justerast etter behov.
- Sikre legekontor i Kviteseid
- Arbeide aktivt for at dei eldste blant oss føler på livsmestring og har ein eigenverdi i samfunnet vårt.
- Utvikle fleire møtestadar for eldre, også på tvers av generasjonar.

## Born, skulen og oppvekst – det som skaper framtida

For å sikre levande bygder i tida framover må ein prioritere barn og unge. Ein trygg oppvekst, med godt læringsmiljø, tilpassa eit moderne samfunn er det vi skal jobbe for. Senterpartiet vil:

- Sette av ressursar så ein tidleg kan starte forbyggjande tverrfaglegarbeid i samarbeid med familiar som treng dette.
- Sikre at kommunen får på plass tiltaksplan for ufrivillig skulefråvær
- Gjennomføre utvikling av Kviteseid Barnehage, der ein minimum har 58 plassar som i dag.
- Sikre vidare drift av Brunkeberg oppvekstsenter (skule og barnehage).
- Sikre at ein har ledig kapasitet og innføre rullerande opptak i Brunkeberg barnehage.
- Arbeide for å sikre god overgang mellom barnehage og skule.
- Sikre at SFO fortsatt har eit tilbod i haust og vinterferie
- Arbeide for å etablere SFO i Vrådal, i samarbeid med Straumsnes barnehage.
- Setje av 250 000 kr til kvar av barnehagane i Vrådal og Brunkeberg slik at dei kan vidareutvikle uteaktivitetstilbodet.
- Arbeide for at pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) brukar meir av si tid til å veilede inn i skulen.
- Jobbe for å sikre at Kvitsund Gymnas kan halde fram med same eller auka aktivitetsnivå
- Arbeide for å styrke Vest-Telemark VGS som ein viktig utdanningsinstitusjon.
- Det skal vere nulltoleranse for mobbing og trakassering i skule og barnehage

## Eit yrande næringsliv – fokus med ringverknadar

I næringslivsarbeidet skal kommunen jobbe langsiktig. Bruken av næringsfondet skal gå til tiltak som gjev godt utbytte av avgrensa ressursar. Senterpartiet vil:

- Satse på reiselivsnæringa og følgje opp arbeide med å utvikle Vest-Telemark som bærekraftig reisemål.
- Lage strategi for utvikling av IKT som ei viktig vekstnæring i Kviteseid kommune.
- Styrke satsinga på bygg og anlegg, og primærnæringar, med fokus på innovasjon og sysselsetting.
- Sjå til at kommunen har tilgjengelege nærings- og industriområde.
- Leggje til rette for utbygging av Vest-Telemark Næringspark, for å sikre vekstpotensialet til verksemdene der.
- Utnytte innkjøpskraften til kommunen, ved å kjøpe lokale produkt og tenester.
- Aktivisere skogbruksnæringa, for å auke avvirking og skogkulturarbeidet
- Stø opp om utvikling av næring knytta til fornybare energikjelder

## Ditt nærmiljø – ein trygg og god plass å bu

Gode lokalsamfunn skal gje folk trygghet, tilhørslse og identitet. Senterpartiet vil:

- Sikre vidare finansiering av Kviteseid Frivilligsentral
- Støtte opp om arbeidet som gjennomførast av frivillige lag og foreiningar.
- Følgje opp integreringsarbeidet og ivareta flyktningane me har tatt i mot.
- Lyfte fram og utvikle kulturlivet i heile kommunen.
- Arbeide for nybygg på Kvito-tomta ved Sundvang, der ein kan samlokalisere fleire kommunale tenester, som barnehage, dagsenter, bibliotek, Frivilligsentral, utlånssentral og Kvito.
- Sentrumsprosjekt i Kviteseidbyen, med fokus på sosiale møtestadar.

## Aktiv påverknad – liten men kraftfull

Det er mange forhold i lokalsamfunnet som eit kommunestyret ikkje rår over. Me vil arbeide gjennom partiet på regionalt og nasjonalt nivå, samt direkte mot offentlege og private aktørar for å påverke prosessar i ein positiv retning. Senterpartiet vil:

- Arbeide for å oppretthalde og styrke domstolane i Øvre-Telemark.
- Arbeide for at lensmannskontoret i Kviteseid blir styrka.
- Arbeide for å etablere nye statlege arbeidsplassar knytta til datasikkerhet.
- Arbeide for å etablere eit regionalt initiativ om etablering av demenssenter i Vrådal.
- Arbeide for å redusere risiko knytta til bustadbygging i kommunar som Kviteseid.
- Arbeide for å auke utbyttegraden i frå VTK
- Opprette ei stipendordning for ungdom som tek lærlingtida ved verksemdar i kommunen

## Klima og miljø

Kviteseid kommune skal ta miljø- og klimautfordringane på alvor. Senterpartiet vil arbeide for lokale tiltak som kan føre til binding og redusere utslepp av CO2-gassar og hindre annan forureining. Senterpartiet vil:

- Arbeide for at skognæringa blir ein viktig del av klimaløysinga i Noreg.
- Fortsette satsinga på ENØK-tiltak på offentlege bygg, bustadhus, fritidshus og næringsbygg.
- Leggje til rette for ny vasskraftproduksjon og bruk av solenergi i privat regi.
- Etablering av fleire ladepunkt og fyllestasjonar for lette og tunge nullutslippskøyretøy.
- Ta omsyn til natur og matjord i areal- og reguleringsplanarbeid.

## Samferdsel

Senterpartiet har som målsetjing å halde oppe og trygge eit vegnett som gjev stor trafikktryggleik og som stettar krava til godstransport av ulike slag. Senterpartiet vil:

- Arbeide for å betre trafikktryggleiken på Riksveg 41.
- Tilrettelegging for mjuke trafikantar.
- Arbeide for at hovudferdselsvegane Bergstovegen, Ordalsvegen og Tveitegrendveg forblir kommunalevegar.
- Arbeide for etablering av servicepunkt ved RV-41, når nytt kryss til Kviteseidbyen etablerast.